

Aleksander Hjelmtveit
Seimsleitet 39 A
5912 Seim

Varsel om retting - Seim - Gnr. 171, bnr. 5 - Alver kommune

Vestland fylkeskommune har ved brev frå tilsynsavdelinga i Alver kommune datert 21.02.2020, mottatt 05.03.2020, fått kjennskap til ein ulovleg etablert driftsbygning for utegangarsauar som har ført til inngrep i automatisk freda kulturminne med Askeladden id. 214930 på Seim, Seimsleitet 39, gnr. 171, bnr. 5 i Alver kommune, Vestland fylke. Tiltaket er i tillegg etablert i nærleiken av automatisk freda mellomalderkyrkjegard med Askeladden id. 144416. Delar av den Trondhjemske postveg, Askeladden id. 246536 er også fjerna.

Som forvaltningsmynde i saker som gjeld automatisk freda kulturminne, gjennomførte representantar frå Vestland fylkeskommune ei synfaring på eigedomen 11.03.2020, Representantar frå Universitetsmuseet i Bergen og NIKU (Norsk institutt for kulturminneforskning) var også til stades. Tiltakshavar deltok på synfaringa.

I medhald av forvaltningslova § 16 varslar vi med dette at kulturminneforvaltninga vurderer å fatte vedtak om retting av tiltaka som er gjort i samband med ulovleg etablering av driftsbygning, i automatisk freda kulturminne (Askeladden id. 214930) og nær automatisk freda kulturminne (Askeladden id. 144416) etter kulturminnelova § 8 tredje ledd, jf. § 10.

Lovheimel og mynde

Etter forskrift om fastsetting av mynde mv. etter kulturminnelova §§ 3 (2) og 4 har fylkeskommunen mynde til å gjere vedtak om retting. Riksantikvaren har etter same forskrift § 2 (1) mynde til å fastsetje omfanget og kostnader i eit eige vedtak.

Du kan uttale deg i saka

Du kan uttale deg i saka før vi fattar vedtak. Fristen for å uttale seg er 3 veker frå dette brevet er motteke. Vi ber om skriftleg tilbakemelding, gjerne på e-post til post@vlfk.no, merk saka med saksnummer 2020/43273.

Har du spørsmål?

Har du spørsmål, kan du kontakte sakshandsamar Sigrun Wølstad, tlf.: 96944535, e-post: Sigrun.Wolstad@vlfk.no.

Med helsing

Inger Lena Gåsemyr
fagleiar

Sigrun Wølstad
seniorrådgjevar

Brevet er elektronisk godkjent og har difor ingen handskriven underskrift

Kopi til:
RIKSANTIKVAREN
UNIVERSITETET I
BERGEN
ALVER KOMMUNE

Postboks 1483 Vika
Postboks 7800

Postboks 4